

Samla endringar og med henvisning til tillegg i planprogram - sjå merknadsskjema for konkrete innspel og individuelle kommentarar.

Regional klimaplan leggjast til grunn som overordna plan. (lagt til som punkt på s. 15)
Sykkelparkering under tak takast med i det vidare planarbeidet (lagt til som mål på side 14). Relokalisering av busshaldeplassar, trasémønsteret og terminalen er punkt ein vil sjå nærare på saman med statens vegvesen.
Det viktig å ha fleksibilitet i bruk, og vi vil vurdere i kva grad vi vil krevja tilrettelegging for både bustad og næring i første etasje i sjølve sentrumsområdet (lagt til under næring og industri side 14).
Punkt om parkeringsløyseringar som gjev naudsynt tilgjenge for næringsliv og kundar (vert teke inn i punkt 3 under mål på s. 14).
Mal for handelsanalyse utarbeidd av fylkeskommunen vår 2018 skal leggjast til grunn. Det er utarbeid ein handelsanalyse i samband med utviding av fjorden senter på Leiro. Denne kan leggjast til grunn. (Sjå s. 13)
Det skal utarbeidast ein trafikkanalyse for harde og mjuke trafikantar, som grunnlag for m.a. vurdering av trasé for gang- og sykkelveg, kryssingspunkt og busshaldeplassar. (teke inn på s 8)
<i>Områdeplanen skal gjøre fjorden mer tilgjengelig.</i> Dette innarbeidast i tekstdelen på s. 7.
Ein vil vurdere å stilla krav til sjøfronten i alle nye prosjekt, og å stilla krav til illustrasjonsplan som kan gi grunnlag for å vurdere meir konkret materialar, heilskap og utforming på bygg og uterom. Sjå S. 14
<i>Områdeplanen skal gi betre gangforbindelser fra nordsiden av Skjelbreidatnet, Bruhaugen, Jettegrytene og kulturminner i Koldalselva og til sentrum og skoleområdet.</i> Dette innarbeidast i mål s. 8
<i>Sentrum skal rendyrkes som et sentrum, med sentrumsrelaterte formål, samtidig som Heiane skal rendyrkes som et industriområde. Begge skal ha gode mulighet for vekst innenfor sine formål.</i> Dette er allereie innarbeid i tekst og mål under arbeidskommunen.
«Eikelandsosen Skyline». Det skal gjerast vurderingar kring korleis industriområdet på Eikelandsheiane framstår mot fjorden og om ein vil leggja til rette for endringar over tid. Innarbeid på s. 14
Areal til volleyballbane, utviding av skulebygg og disponering av aktivitetar på uteareala vert viktige vurderingstema i det vidare planarbeidet. Den vidaregåande skulen viktig for Eikelandsosen og for heile kommunen. Det må vurderast korleis ei utviding av skulen i framtida kan løysast. Skulen ligg sentralt på Leiro, og uteareala kring skulen vert eit viktig tema. Nytt kap. om skule og barnehagar under bukommunen)
Det er eit klart potensiale for konflikt mellom landbruksdrift og bustadområde/turområde. Skilt på staden, bandtvang og informasjon ut kan vera med på å auke forståinga kring potensielle utfordringar - og bidra til at det vert teke omsyn til landbruket. Planlegginga vi no er i gang med kan vere med på å dempe nokre av konfliktane ved at ein legg gangveggar og rasteplassar til område der slike utfordringar er færre, og ved at ein løftar fram problemstillingane og informerer. Landbruk er ein viktig næring i Fusa kommune, og det skal leggjast til rette for at det kan drivast på Koldal også i framtida. Innarbeid inder landbruk s 8)
Gangfelt frå krysset i Brunset, gangveg langs hovudvegen med påkopling til Leitet med undergang og vidare til Osaleitet med påkopling ti Jettegryter og ned til eksisterande gangveg skal vurderast. Innarbeidd som punkt s 8
Kryssingspunkt for hjort må takast med i dei vidare vurderingane. (under naturkommunen, tillegg om naturmangfald s 7)
GS-veg frå Eikelandsosen mot Holdhus vil verta eit vurderingstema. Innarbeidd i mål s. 8
Det kan takast ei vurdering av om tomter som tidlegare er fråskilde til byggeføremål i LNF-område kan setjast av til byggeføremål. Tillegg mål s 12
Innspel til bustadområder innafør områdeplanen vil vurderast i det vidare planarbeidet. Mål s 12
Trafikkale tilhøve (buss/bil/parkering/sykkel/gange) ved ungdomsskulen må vurderast i områdeplanen. Mål s. 12
Det kan gjerast vurderingar for korleis ein kan kome ned til stranda frå ungdomsskule/barnehage, og om plangrensa skal utvidast til å omfatte deler av strandsona i Lundervik, og om dette kan vera eigna som offentleg badeplass. Innarbeid som mål side 8
Hengebru over Koldalselva, gangveg og bustadområde takast med i dei vidare vurderingane. Mål s. 8
Etablerte gangveggar, snarveggar og område for leik skal takast omsyn til i det vidare planarbeidet. Innarbeid i teksten s 8

Ei større folketalsauke skal leggjast til grunn i planområdet dersom kommunen utarbeider ein tilflyttingsplan med klare målsettingar. I planprogrammet for områdeplanen kan dette takast høgde for, sjå mål s. 12 auke med 100 personar + tillegg om tilflyttingsplan på s 9
Det er eit mål at areala kring Koldalselva skal verta tilgjengelege og attraktive for innbyggjarane og besøkande. Reklamering og informasjon om natur og turområder, samt vurderingar kring potensiell tilrettelegging av badeplass i Lundervika takast med i det vidare planarbeidet. Det er eit mål at det skal verta lett å finna fram i sentrum, at fellesområde skal vera attraktive og at ein skal leggja til rette for ålmenta kring elva. Det er viktig å profilere bygda og kommunisera ut kva vi har her i dag og formidla historia til bygda. Det er eit mål at ein skal få til ein natur- og kultursti langs Koldalselva, der ein vil synleggjera og informera om jettegryter, margarinfabrikken Viking og anna. Gangvegar, bustader og aktivitet kring elva – td. Margarinfabrikken Viking, jettegrytar og rasteplassar er sentrale fokusområde i planarbeidet. Dette er generelt innarbeid i tekst og mål i dokumentet.
Det skal gjerast vurderingar kring framtidig passering av ny brannstasjon på Eikelsheiane. Mål s 14
Det er starta eige prosjekt for å vurdere potensiale for tunell til Sævareid, og ein må ta omsyn til dette i planarbeidet. Innarbeid i tekst s 14
Mogelegheit for avkøyrslø/parkering, toalett og rasteplassar med benkar kan vurderast som del av tilrettelegging av turstiar, badeplassar og rekreasjonsområde fleire stader.
Skiltinga i Eikelsheiane er dårleg og må gjerast noko med. Lys langs sentrale delar av fylkesvegen er òg ei problemstilling. Det bør gjerast ei analyse på korleis ein kan løyse dette som heilskap i områdeplanen. Dette står under arbeidskommunen, mål s. 14
Det vert viktig å vurdere potensiale og behov for utbetring og utviding av barnehagen. Barnehagedekning og gode tilhøve for born og tilsette er sentralt i høve til gode oppvekstvilkår, arbeidsmiljø og tilflytting. Dette må takast med i vidare vurderingar. Omtala i nytt kapittel s 11 + mål s 12
Kommunen ønskjer å sjå på vegløysingar på næringsarealet på Eikelsheiane slik at næringsareal kan utløyast. Ein mogeleg framgangsmåte er at kommunen detaljregulerer vegen inn i området, og at deler av arealet elles vert stilt plankrav til. Det skal gjerast vurderingar kring dette i det vidare planarbeidet. Tillegg udner mål s 14
Det skal vurderast påbud om påkopling til offentleg vatn/kloakk er det ikkje er tilstrekkelege gode løysingar. (mål under bukommunen) tillegg under mål s 12

Konkrete innspel til den vidare prosessen

Det skal utarbeidast eit program for medverknad - ein vil leggja opp til eigne møter for å involvera og ivareta ulike interesser. Kommunen ønskjer å ha tett dialog med grunneigarar i vidare vurderingar kring kvar ein turveg, eventuelt gang- og sykkelvegar kan gå, og i kva grad ein kan leggja til rette for rekreasjon i planområdet.

Kulturminne og kulturmiljø skal ha auka fokus, og vert teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Kommunen vil ta kontakt med Bergen Sjøfartsmuseum om gjennomføring av feltundersøkingar i planområdet.

Naturmangfaldlova §§ 8 – 12 vert lagt til grunn for vidare vurderingar i planarbeidet. Vassdraget vil få særskilt fokus i planarbeidet.

Dette vert ein del av kunnskapsgrunnlaget:

- [NVE sine karttenester](#) syner oppdatert informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg innanfor det aktuelle planområdet.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE si sjekklister for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy finnast på www.nve.no/arealplan.

Skredfare vert tema i ROS-analysen. Kvikkleire og fare for områdeskred vert ein del av dette. Prosedyren i kap. 4.5 NVE rettleiar 7/2014 «Sikkerhet mot kvikkleireskred» skal nyttast. Areal der ein ikkje kan utelukke skredfare synast i plankartet som omsynssone «H310 Ras og skredfare». Flaum og erosjonsfare vert eit tema i ROS- analysen.

Areal som kan vera utsett for 200 årsflaum vert sett av i plankartet som «H320 Flaumfare».

Høgspenningslinjer og transformatorstasjonar skal settast av som omsynssoner (PBL § 11-8 d/kode H740)